



OPPMODAR TIL DEBATT: Oddmund Hoel, Bjørn André Skjæret, Britt Kristin Ese og Steinar Bruheim understrekar at dei ikkje er imot vasskraft eller småkraftutbygging, men meiner Jostedalen har bidrege nok.

Vil skapa debatt om vestsideelvane

■■ Aksjonerer på nett ■■ Vil ha motstandarane i tale

LUSTER: Aksjonsnemnda mot utbygging av vestsideelvane og Vigdøla ynskjer meir debatt om kva konsekvensar det vil få om dei åtte elvane på vestsida i Jostedalen blir utbygd.

– Konesjonssøknaden som kom i april utløyste danninga av nemnda. Oppattskytinga er i gang for fullt, no er det alvor, seier Oddmund Hoel

– 15 august er fristen for å senda ei høyringsfråsegn til NVE, då er det viktig at me har fått med motargumenta våre, og at debatten har vore oppe blant folk.

– Leiar i aksjonsnemnda, Bjørn André Skjæret poengterer at det er viktig å få begge partar i tale.

– Me må setja søkelys på å få ein debatt. Dei som er for må også koma med sine argument, påpeikar han.

Klare tendensar

Aksjonsnemnda jobbar no aktivt via nettsidene sine for å opplysa folk om korleis ei utbygging vil påverka dalen.

– Me har generelt merka mykje motstand i bygda. Me ser tendensar til at også stadig fleire unge engasjerer seg. Det er viktig at me informerer, og skapar blest, slik at me kan visa kva folk i bygda vil, forklarar Britt Kristin Ese.

Leiar i aksjonsnemnda, Bjørn André Skjæret, seier

dei jobbar tett med ulike aktørar som òg har interesse i naturvern.

– Jostedalen er nok belasta som det er. Områda som er att er urørt natur, ein viktig ressurs for reiseliv og lokalbefolkning. Me jobbar tett med fleire organisasjonar som har like interesser. Det er viktig for oss å søkja alliansar der det er mogleg, seier Skjæret

– Ei eventuell utbygging av dei åtte vestsideelvane, gjev oss berre ei gjenverande elv. Området på vestsida er desutan mykje nytta til stølsområde. Blant anna er Luster Jakt og Fiske involverte, spesielt når det gjeld sjøaurebestanden. Ei eventuell utbygging vil ha store konsekvensar for livet i elva. Den kalde temperaturen ein oppnår vil gjera levevilkåra for sjøauren vanskelege. Marginane er allereie små, og ei utbygging vil føra til drastiske konsekvensar i bestanden.

Urørt natur

Steinar Bruheim meiner det er viktig å synleggjera lokal motstanden, når saka skal opp for høgare plan.

– Dette vert nok ei aktuell

sak i den lokale valkampen. Folk må ha grunnlag for å meina noko om det. Lokalsamfunnet har ulike interesser, men generelt ser me ein stor skepsis, seier han.

– Turismen i dalen er naturbasert. Å ha urørt natur er ein verdi i seg sjølv, i tillegg til at den er heilt på grensa til to nasjonalparker.

Stor målestokk

Sjølv om elvane på austsida allereie er utbygde, er det på vestsida snakk om eit langt synlegare inngrep.

– Dette er ei stor utbygging i dagens målestokk. I motsetnad til når austsideelvane blei utbygde, kjem denne utbygginga til å få store synlege konsekvensar. På vestsida vil bekkinntaket liggja så lågt at ein mistar tilsiget på nedsida. Ein får då så og seia turrlagde elvar. Det er ei utvikling i feil retning for Jostedalen som har gjort nok for norsk kraftforsyning, seier Oddmund Hoel

– Same korleis dette ender, er det bra om folk har hatt ein open debatt, der dei ulike synspunkta har kome til syne.

Ragnhild Myklemyr
ragnhild@sognavis.no

Fleire mottakarar, lågare utbetalingar

ÅRDAL: Talet på sosialhjelpmottakarar auka med 1,5 prosent frå 2009 til 2010. Samstundes gjekk utbetalingane ned med 60 millionar kroner, melder SSB. Gjennomsnittleg stønad per

månad var 7.337 kroner i 2010, eller to prosent lågare enn året før. Også i 2010 var det dobbelt så mange mottakarar i Finnmark som i Sogn og Fjordane i forhold til folketallet.

Endelig ferie!

Fra Kristiansand til Hirtshals fra kun


279,-*

1 person + bil
én vei

Fra Bergen til Hirtshals fra kun

2709,-**

4 personer + bil +
lugar én vei



815 33 500
fjordline.no

*Prisen gjelder på utvalgte avganger i juni, juli & august for én pers. inkl. bil én vei, basic sete, skatter & avgifter. Tillegg pr. ekstra pers. kr. 30,-. Drivstofftillegg kr. 50,- pr. bil pr. vei tilkommer. **Prisen inkl. 4 pers., båtreise én vei, en bil, innv. lugar (14), skatter & avgifter. Tillegg for andre lugartyper. Drivstofftillegg kr. 100 pr. bil pr. vei. Tilbudet gjelder i juni, juli og august med noen unntak. Forbehold om trykfeil.